



Notat

Dato: 13.05.2014
Arkivsak: 2014/15246-3
Saksbehandlar: anjsetr

Til: Eva Katrine Ritland Taule

Frå: Anja Nordvik Sætre

Kommunedelplan E 39 - Heiane - Ådland/Tveita - Stord kommune - Innspel om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Det er kjent fleire automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, ID 124822 og ID 45540.

Eit av alternativa – alternativ 1 – er i direkte konflikt med eit automatisk freda kulturminneområde. Lokaliteten har ID 124822 i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden* og er eit busetnings/aktivitetsområde frå bronsealder - jernalder med i alt 102 påviste strukturar i form av eldstader, stolpar, veggrøfter og andre nedgravningar. Funna visar til stor aktivitet i området. Dei andre alternativa ser ut til å unngå denne lokaliteten ved å gå i tunnell under området. Ein bør så langt som råd unngå traséval som kjem i konflikt med kjende freda kulturminne.

Innanfor planområdet finn ein i tillegg ytterlegare ein automatisk freda lokalitet i form av ein gravhaug. Denne haugen har ID 45540 i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*.

Planområdet er svært stort, og det er høgt potensial for funn i store delar av området. Mellom anna er det i området kring Ålandsvatnet potensiale for funn frå steinalder. Planområdet omfattar i tillegg store areal med dyrka mark der det kan vera stort potensiale for funn.

Me minner om undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova. Ein vil måtte pårekne arkeologiske registreringar etter § 9 i kulturminnelova på reguleringsplannivå uavhengig av kva trasealternativ som vert valgt. Dersom §9-undersøkingar i samband med utarbeidning av reguleringsplan skulle påvise nye funn av automatisk freda kulturminne, vil planen måtte reviderast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Det er positivt at konsekvensutgreiinga viser kulturmiljø og kulturminne som eige tema som skal utgreia. Her er det viktig å få fram ikkje berre freda og verneverdige kulturminne, men også SEFRÅK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar bør inkluderast. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar, sjøbruksmiljø, marine kulturminne etc. Konsekvensutgreiinga må og gjera klart greie for potensiale og avbøtande tiltak.

Då planområdet omfattar areal i sjø er planen sendt til vurdering ved Bergens sjøfartsmuseum. Dei har følgjande uttale i saka:

Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 05.05. 2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røyre sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Me kjenner til at det har vore ein del aktivitet omkring Ådlandsvatnet i eldre tid. Det har blant anna vore tømmerfløting ned elva og ei sag på 1700-talet. Det kan derfor finnast spor i vatnet som for eksempel ei eldre oppdemming eller andre konstruksjonar. I ferskvann er det svært gode bevaringsforhold. Det vil derfor truleg bli stilt krav om marinarkeologiske undersøkingar i forbindelse med ein meir konkret reguleringsplan i området.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Stord kommune om føljande:

- **å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.**
- **å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.**